



# Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Sakshandsamar: Lill Mona Solberg  
Telefon: 57643105  
E-post: fmsflms@fylkesmannen.no

Vår dato  
20.11.2018  
Dykkar dato

Vår referanse  
2018/4009- 632.1  
Dykkar referanse

Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Askedalen 2  
6863 Leikanger

## **Varsel om felles nasjonalt tilsyn med Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hafstad vidaregåande skule med tema skulemiljø**

Fylkesmannen i Hordaland og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane er fra 1. januar 2019 slått saman til eitt embete. Namnet på det nye embetet er Fylkesmannen i Vestland. Utdanningsavdelinga er plassert både i Bergen og i Leikanger. Oppgåvene er fordelede på seksjon for forvaltning og på seksjon for tilsyn. Med tanke på kunne gjennomføre tilsynsoppgåver i 2019 er dette tilsynsvarselet sendt fra Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

Fylkesmannen i Vestland skal i 2019 gjennomføre tilsyn med Sogn og Fjordane fylkeskommune med tema skulemiljø. Tilsynet vert opna med dette varselet.

Etter opplæringslova § 14-1 første ledd har Fylkesmannen heimel til å føre tilsyn med at kommunane og fylkeskommunane oppfyller dei pliktene dei er pålagde i eller i medhald av opplæringslova kapittel 1-16 (kommunepliktene). Reglane i [kommunelova kapittel 10 A](#) gjeld for denne tilsynsverksemda.

Tilsynet går ut på å kontrollere om Sogn og Fjordane fylkeskommune følgjer regelverket i opplæringslova med forskrifter. For å kontrollere dette undersøkjer vi skulens praksis ved Hafstad vidaregåande skule. I dette tilsynet er Sogn og Fjordane fylkeskommune vald ut på bakgrunn av fråvær av saker meldt inn for handhevingsordninga hos Fylkesmannen etter opplæringslova § 9A-6, data frå elevundersøkinga ved Hafstad vidaregåande skule og skulens størrelse.

### **Tema for tilsynet**

Hovudtemaet *skulemiljø* inngår i det felles nasjonale tilsynet frå 2018 og er delt inn tre delar:

- Skulemiljø: Skulens aktivitetsplikt for å sikre at elevane har eit trygt og godt skulemiljø
- Skulemiljø: Skulens plikt til å arbeide førebyggjande og informere og involvere elevar og foreldre
- Skuleeigars forsvarlege system på ovannemnde område

Fylkesmannen varslar tilsyn med deltema ein og tre: Skulens aktivitetsplikt for å sikre at elevane har eit trygt og godt skulemiljø, og skuleeigars system.

Under desse tema kontrollerer vi:

- Delar av skulens aktivitetsplikt for å sikre at elevane har eit trygt og godt skulemiljø, jf. opplæringslova §§ 9 A-2, 9 A-3, 9 A-4.
- Skuleeigars forsvarlege system jf. Barnekonvensjonen artikkel 12, opplæringslova § 13-10 andre ledd.

### Gjennomføring av tilsynet

Tilsynet går føre seg på følgjande måte:

- Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hafstad vidaregåande skule sender inn dokumentasjon via RefLex slik<sup>1</sup>.

#### Tema: Skulens aktivitetsplikt for å sikre at elevane har eit trygt og godt skulemiljø

Vi ber rektor, tre avdelingsleiarar (gruppesvar frå KDA, MK, studiespesialiserande) og tre lærarar (gruppesvar frå KDA, MK, studiespesialiserande) om å fylle ut eigenvurdering og legge ved understøttande dokumentasjon under deltema 1 *Plikta til å følgje med og gripe inn, varsle, undersøkje og sette inn tiltak ved mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø (spørsmål 1.1. – 1.28).*

#### Tema: Skuleeigars forsvarlege system

Vi ber rektor ved Hafstad vidaregåande skule og skuleeigar om å fylle ut eigenvurdering og legge ved understøttande dokumentasjon under tema *Skuleeigars forsvarlege system: Skulens aktivitetsplikt for å sikre at elevane har eit trygt og godt skulemiljø*

- Sogn og fjordane fylkeskommune samlar inn opp til fem aktivitetsplanar frå Hafstad vidaregåande skule og sender det til Fylkesmannen som post eller som sikker sending.
- Vi kontrollerer dokumentasjonen.
- Vi hentar i tillegg informasjon frå våre eigne system, offentlege register og informasjon på nettstaden fylkeskommunen og skulen.
- Vi besøkjer skulen og intervjuar sentrale personar.
- Vi intervjuar representant(ar) frå skuleeigar.
- Vi vurderer informasjonen om skulens praksis opp mot regelverket.
- Vi utarbeider ein rapport der våre vurderingar og konklusjonar kjem fram. Dersom vi finn brot på regelverket, skriv vi ein førebels rapport. De kan uttale dykk om innhaldet i han før vi eventuelt lagar ein endeleg rapport med rettefrist.
- Vi publiserer den ferdige rapporten på vår heimeside.
- Dersom vi framleis finn brot på regelverket etter rettefristen, gjer vi eit vedtak.
- De får eit eige brev når vi avsluttar tilsynet.

---

<sup>1</sup> Eigenvurderingsspørsmål og rettleiingsmateriale er tilgjengeleg i RefLex <http://reflex.udir.no/> RefLex er eit nettbasert verktøy som gir skular og skuleeigar hjelp til å vurdere om eigen praksis er i samsvar med regelverket.

Reglane for framgangsmåten vi har beskrive ovanfor, finn de her:

- Innhenting av dokumentasjon, jf. opplæringslova § 14-1 første ledd, jf. kommunelova § 60 c.
- Førehandsvarsel om rett til å uttale dykk, jf. forvaltningslova § 16.
- Rettefrist før vedtak med pålegg om retting, jf. kommunelova § 60 d.
- Våre tilsynsrapportar er offentlege, jf. offentleglova § 3.

Førebels tidsplan ser slik ut:

<b>08.01.2019</b>	Frist for innsending av dokumentasjon til Fylkesmannen
<b>05.02.2019</b>	Gjennomføring av møte og intervju på Hafstad vidaregåande skule  08:30-09:00: Opningsmøte med dei vi skal intervju  09:15-10:30: Intervju med tre avdelingsleiarar frå KDA, MK, studiespesialiserande  10:45-12:00: Intervju med tre lærarar frå KDA, MK, studiespesialiserande  12:00-12:45: Lunsj (vi tek med matpakke)  12:45-14:00: Intervju med rektor
<b>06.02.2019</b>	Gjennomføring av intervju med skuleeigar, Fylkeshuset  09:30-11:00: intervju med representant(ar) for skuleeigar
<b>21.02.2019</b>	Utsending av førebels tilsynsrapport med førehandsvarsel om vedtak eller endeleg tilsynsrapport utan brot på regelverket
<b>27.02.2019</b>	Tilbod om sluttmøte med skuleeigar og skulen (video)
<b>14.03.2019</b>	Utsending av ev. endeleg tilsynsrapport

#### De må sende inn dokumentasjon

De har plikt til å sende inn dokumentasjon jf. opplæringslova § 14-1 første ledd, jf. kommunelova § 60 c.

**Frist for innsending av dokumentasjon**

Frist for innsending av dokumentasjon og eigenvurderinger med vedlegg i RefLex er tysdag 08.01.2019.

**Kontaktpersonar hos Fylkesmannen**

- Lill Mona Solberg, seniorrådgjevar og tilsynsleiar, tlf. 57 64 31 05, e-post [fmsflms@fylkesmannen.no](mailto:fmsflms@fylkesmannen.no)
- Kjetil Stavø Høvig, seniorrådgjevar, tlf. 55 57 22 60, e-post [fmhokjh@fylkesmannen.no](mailto:fmhokjh@fylkesmannen.no)
- Astrid Terese Aam, seniorrådgjevar, tlf. 57643185, e-post [fmsfata@fylkesmannen.no](mailto:fmsfata@fylkesmannen.no)

Vi ber skuleeigar melde tilbake kven som er kontaktperson for tilsynet ved Hafstad vidaregåande skule og Sogn og Fjordane fylkeskommune innan 01.12.2018.

Med helsing

John Ole Vange  
utdanningsdirektør

Lill Mona Solberg  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikke underskrift.*

Kopi til:  
Hafstad vidaregåande skule    Postboks 294    6802    FØRDE